Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing, fakter og åtferd.

Oppskr. av: Johs. Dahl

(adresse): Verdal

Fylke: N. Trøndelag

Herad: Verdal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Ja, blir som regel utrykt med å bukke, nei med å riste på hovudet.

2 Før var det slik at dei helsa på alle dei møtte, men no berre på den ein kjenner.

3 Noen regel for kven som skulle helse først var det ikkje.

4 Ein sa „guddag, eller godmorn, godkveld, etter som det leid med dagen. Alle helsa likeens.

5 Dei helsa likeens til alle, men var det presten eller annan høgtstående mand, tok dei av seg hatten. Dei tok ikkje av seg hatten når dei møtte vanlege, kjende folk, men no har det vorte meir i bruk, når ein møter kven som helst.

6 Tok dei huva under arma medan dei handhelsa, var det liksom tegn på meir „ytmighet," dei gjorde seg små.

7 Helsinga var likeens korleis ein var kledd.

8 Dei handhelsa på kvarandre når dei møttest ved kyrkja eller bryllaups og likferd. Når dei kom på vitjing, helst når det var litt langt unda, helsa dei på både barn og vaksne.

9 Å klapp kvarandre attåt var tegn på rikktig varmt venskap.

7907

10 Gamle folk tok av og hatten når dei høyrde kyrkjeklokkorn, er no heilt gått av bruk. Var dei på åkern i arbeid stod dei stille ei stund både karar og kvende.

11 Møtte dei brurferd eller likferd på vegen stod dei stille til dei hadde fare forbi

12 Nei det var ingen som helsa på dyr eller ting

13 Gamorn frå kl 6–9, sidan goddag til kl. 6–7 eller etter årstida når det vart myrkt. Aldri god middag, men no er det i bruk. Godkveld godaften, når det var kveld. Godnatt så dei gjekk frå eit hus der dei hadde vore om kvelden, er enno i bruk.

14 No er det sume som helsar gomorn heile dagen og kvelden med. No er det ingen som tykkjer noko rart i dette, men før ville dei ha tykt det var meiningslaust.

15 Til ein som sa gomorn om kvelden, svara ein annan: „Eg held det no for at det er kvelden eg.

16 Sume bruker som sagt gomorn heile dagen. og døgnet rundt

17 Dei gamle brukte ofte å helse med Gudsfred no er det godt av bruk. Men signe arbeid signe strevet, signe kvila, signe laget er ~~[illegible]~~, signe maten er brukt av alle no tildags

18 Same så „signe" andre sa „velsigne" – dei svara altid „takk"

19 Det er mykje vanleg at gjesten tek opp helsinga når han kjem inn og seier: „Gudag inne" eller goddag i huset"

20 Når ein ville tale med husfaren eller nokon annan åleine, gjekk dei i eit anna rom eller så kunne dei andre gå ut.

7907

21 No bruker dei å banke på døre når ein går inn, men ikkje før.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

22 Når nokon banka på døra, sa dei som inne var: „Kom inn." eller „Kom, versågod."
Når han kom inn, helsa han og dei sa da: „Versagod å sett deg"
23 Han vart ståande til dei bad han settje seg.
24 Hatten tok han av seg først han kom inn.
25 Vent eit lite øygneblink
26 Var dei reint ubudd på å ta imot nokon og det var ein dei hadde meir vyrdnad for, måtte dei få rå om seg litt før han kom inn.
27 Ein framand vart helsa som andre
28 Var det ein storkar som kom, gjorde dei seg litt meir for han. Stolen vart ikkje turka.
29 Innbedne gjester vart gjerne helsa med: „Velkomen hit."
30 „Når folk gjekk, sa di „farvel", og det vart svara med „farvel"
31 „Farvel, farvel", no må du lëva vel og ha det bra". Var det så at det var siste gang dei møttest, fall orda varmare og „takk for alt vi har havt saman."
32 Nei bondefolk brukte ikkje å kysse kvarandre, men mellom „storfolk" var det brukeleg.
33 Fell bort etter det som er sagt før.
34 Det var ikkje andre uttrykk for å kysse.
35 Dei kunne kysse barn på handa eller kinnet, ikkje vaksne.
36 Fell bort
37 Har aldri høyrd at folk kyste si eiga hand.
38 Til småborn blir det helst sagt: „skal eg få ein liten smell av deg?"
39 Vaksne gnidde ikkje nasane saman, men vaksne kunne skjemte med barn ved å gni nasane saman, dei kalla det å byte nase. Barna tok det bokstavelig og kjende etter om dei hadde fått ein annan nase

3

7907

 

40 Alle kunne fjase med barn ved å bytte nase
41 Veit ikkje at dei brukte å „stele nasen" av barn på den møten.
42 La dei skjake mot skjake kalla dei det „godkinbein"
43 Det var no helst forelska ungdom som gjorde det
44 „Til lukke" vart brukt til nan som hadde årmålsdag" eller tok til med noko nytt. Veit ikke av andre uttrykk.
45 Før jul sa dei: Du må ha god jul da". I jula sa dei: „Gledelig jul". Ved nyår: „Godt nyår eller: „Lykka med nyari". Ved" barnefødsel, Lykka med guta (gjinten). Bryllaup „Lykka med sambandet." No gratulerer dei.
46 "Veit ikkje om noko noko uttrykk bei brukte før, no er det vanlig å kondolere.
47 Dei takka. „Takk for det." „Takk skal du ha"
48 Det var ikkje brukelig å takka for seg på vegne av den avlidne. Ein prest kunne om det hende sa felle det inn i liktalen.
49 Kunne vise vanvyrdnad ved å klappe seg i baken.
50 Dei seier „du" til unger og jamnlike med ein sjølv. „De" (di) til foreldre og gamle folk, og elles til alle som ein vyrde høgt. No er det vanlig å seie du til foreldre og nære slektninger å tjenoringar.
51 Mange gamle sa „han" eller „ho" som tiltaleord i staden for å seie „de" (di).

7907

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING